
Vår referanse 2020/41180-14
Dato 21.09.2020

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Referat frå møte vedrørende kulturvernforvaltar i Nærøyfjorden Verdsarvpark

Dato: 15. september 2020

Møtestad: Virtuelt møterom

Deltakarar:

- Aurland kommune: Monica Hille og Norunn Haugen
- Vik kommune: Øistein Søvik
- Lærdal kommune: Magnhild Aspevik
- Vestland fylkeskommune David Aasen Sandved, Eva Moberg og Arlen Bidne

Forfall:

- Voss kommune

Bakgrunnen for møtet var hovudutval for kultur, idrett og integrering sitt vedtak i PS 55/2020 pkt. 3.

«Det er behov for varige midlar til stillinga. Utvalet ber administrasjonen ta kontakt med kommunane som inngår i stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark (Aurland, Vik, Voss og Lærdal) om ei fordeling av kostnaden på kr. 500. 000 saman med Vestland fylkeskommune til stillinga som kulturvernforvaltar i 2021 og vidare. Dette må sjåast i samanheng med arbeidet med driftsbudsjett 2021 og økonomiplan 2022-2025.»

Tema for møtet var å få ei tilbakemelding frå kommunane om deira arbeid med verdsarven og bidrag inn til Nærøyfjorden Verdsarvpark og eit tilbakemelding på korleis dei stiller seg til å bidra med midlar til stillinga som kulturvernforvaltar i Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Alle kommunane bidreg i dag med driftsmidlar til Nærøyfjorden Verdsarvpark:

Aurland kommune	300 000,- kr
Lærdal kommune	100 000,- kr
Vik kommune	150 000,- kr
Voss kommune	100 000,- kr

Aurland kommune bidreg også med tenestekjøp hjå Nærøyfjorden Verdsarvpark til Nynorske litteraturdagar kr. 400 000,- og arbeid med sti og løypeplan kr. 100 000,-, noko som er med å oppretthalde drifta av Verdsarvparken. I tillegg legg kommunane ned mykje arbeidsressursar i å ta vare på verdsarven og å fylje opp forpliktingar knytt til verdsarvstatusen.

På bakgrunn av at kommunane meiner dei allereie bidreg mykje inn i både verdsarven og til Nærøyfjorden Verdsarvpark, ser dei det som utfordrande å skulle bidra inn til finansiering av denne stillinga i tillegg. Dersom det skulle vere aktuelt vil det også vere utfordrande å løyve ei finansiering

av den over fleire år. Dette vil i så fall krevje ei felles politisk sak for alle kommunane, med like vedtak.

Då ivaretakinga av verdsarvverdiane ikkje berre er eit lokalt ansvar men og eit nasjonalt og regionalt, utfordrar kommunane fylkeskommunen til å bidra meir til ivaretakinga av verdsarven. Det vil også vere enklare for kommunane å fremje ei sak om å bidra med tilskot til denne stillinga dersom fylkeskommunen hadde forplikta seg til å løyve tilskot til den i meir enn eitt år.

Vidare oppfølging etter møtet:

Då dette var eit drøftingsmøte, ynskjer fylkeskommunen ei skriftleg tilbakemelding frå kommunane vedrørende mogleg medfinansiering av stillinga som kulturvernforvaltar i Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Vi ber om at slik tilbakemelding vert sendt oss innan 9. oktober 2020.

Med helsing

David Johannes Aasen Sandved
seksjonssjef

Eva Moberg
fagleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste			
AURLAND	Vangen 1	5745	AURLAND
KOMMUNE			
VIK KOMMUNE	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
LÆRDAL KOMMUNE	Postboks 83	6886	LÆRDAL

Kopi til:

VOSS Postboks 145
HERAD